



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jan Torry Sande	FA-G01, TI-&38	20/516

Saksnr	Utval	Type	Dato
115/20	Formannskapet	PS	24.11.2020
085/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Pandemiplan for Fedje kommune - framlegg til vedtak

Vedlegg:

Pandemiplan for Fedje kommune

Saksutgreiing:

Bakgrunn

I «Planstrategi Fedje kommune 2020-2024» står det følgjande: «Det er administrativt utarbeidd oppdatert pandemiplan pr februar 2020. Denne vert gjennomgått og lagt fram for formannskap og kommunestyre i andre halvår 2020».

Kommunen er ansvarleg for å vedta ein pandemiplan som ein del av smittevernplanen. Dette skal sikre folket på Fedje naudsynte tenester og helsetilbod under ein pandemi (§ 7-1 i Smitteverneloven). Lovverket som ligg til grunn for pandemiplanen er: «Lov om kommunale helse- og omsorgstenester», «Lov om vern mot smittsomme sykdommer» og «Lov om helsemessig og sosial berdskap».

Kommunen har som mål med ein pandemiplan å sikre at helsetenestene under ein pandemi kan:

*FØREBYGGJE smittespreiing og redusere sjukdom og død

*DIAGNOSTISERE, BEHANDLE OG PLEIE sjuke og døande

*OPPRETTHALDE NAUDSYNTE SAMFUNNSTENESTER i tillegg til helsetenestene

*INFORMERE balansert, korrekt, opent og ærlig

Kommuneoverlegen har ansvar for å leggje fram forslag til pandemiplan som ein del av smittevernplanen og framlegg til revisjon ved seinare høve. Dette skal vedtakast av kommunestyret. Kommunestyret sitt vedtaksmynde etter §7-1 i smittevernlova er delegert til kommuneoverlegen. Dersom helse – og omsorgsdepartementet vedtek og varslar at vi står framføre ein alvorleg epidemi , eller kommuneoverlegen finn det riktig, vil kriseleiinga i kommunen tre saman for å få oversyn over situasjonen, vurdere trongen for tiltak og fordele oppgåver.

Vurdering

Ein pandemi er eit sjukdomsutbrot som rammar svært mange menneske og sprer seg over store



Fedje kommune

delar av verda. Slike sjukdomsutbrot kan få store konsekvensar og grip inn i mange menneske sine liv. Ein pandemiplan må innehalde gode mål og strategiar for å hindre skadeomfang ved ein eventuell pandemi.

Ein plan må vere oppdatert: Me lever i ei samtid med mykje mobiilitet. Folk reiser meir enn før, og dette viser seg klart i sjukdomsbiletet. For å kunne møte stadig nye scenarier, nye smittsame sjukdomar med ulik grad av fare, må våre planar vere oppdaterte. Noko me har lært det siste året er at det er svært vanskeleg å spå om kva som kjem, og kva omfang ein pandemi kan ha.

Ein plan må vere målretta: Tryggleik og risiko er noko som kan påverkast og styrast. Ein viktig føresetnad for at ein plan skal fungere er at den inneheld strategiar for å nå mål. Ein pandemiplan må difor ha klart formulerte målsetnader. Så må den innehalde klart formulerte strategiar for å nå desse måla.

Det må vere semje om ein plan: Kva for mål og strategiar som vert prioritert er eit politisk spørsmål. Det handlar om vektlegging av og prioritering av ulike verdiar. Det er viktig at Fedje kommune samlar seg om ein plan. Slik kan den verte eit verkty for handling, og ikkje ein plan for skrivebordsskuffa (Samfunnssikkerhet, 2004, Terje Aven m.fl. s. 90-93).

Folkehelse: Ein funksjonell pandemiplan er heilt essensiell for folkehelsa i kommunen.

Miljø: Ikkje relevant.

Økonomi: Planar er utgangspunkt for kommunale rutiner. Gjennomføring av kommunale rutiner er gjenstand for budsjettvedtak. Korleis ein pandemiplan er utforma, og vert handtert, kan få konsekvensar for kommunal økonomi. I tillegg har måten eit samfunn taklar eit sjukdomsutbrot på konsekvensar for kommunal økonomi.

Konklusjon

«Pandemiplan for Fedje kommune» er ein målretta plan. Den inneheld mål og strategiar for å hindre skadeomfang ved ein eventuell pandemi. Fedje kommune tek «Pandemiplan for Fedje kommune» til vitande.

Forslag til vedtak:

Fedje kommune tek «Pandemiplan for Fedje kommune» til vitande.

Formannskapet - 115/20

F - behandling:

F - vedtak:

Fedje kommune tek «Pandemiplan for Fedje kommune» til vitande.

Samrøystes vedteke.



Fedje kommune

Kommunestyret - 085/20

K - behandling:

K - vedtak:

Fedje kommune tek «Pandemiplan for Fedje kommune» til vitande.

Samrøystes vedteke.